

# Klagar på hyttedispensasjonar

Fylkesmannen kjem til å klaga på vedtaka i alle fem dispensasjonssakene på Kvednaskogen. Men førebels slepp Thorbjørn Dahl å riva muren under si ulovleg oppførde hytte.

SIGBJØRN LINGA

Fyrst etter at dei hadde hand-sama den siste av dei fem sakene i hyttefeltet H7 tysdag, fekk formanns-kapsmedlemene vita om klageplanene. Fylkesmannen opplyste om dei per telefon til plansjef Vidar Østerbø.

I praksis tyder det at dei fire hytteeigarane som har fått dispensasjon frå reguleringsplanen for hytter som er for store, enno ikkje kan slappa heilt av. Pålegg om riving kan framleis koma i posten.


## Må fylla kjellaren

Etter mykje om og men vart eit fleirtal i formannskapet samd om å gje Dahl dispensasjon frå arealkravet i reguleringsplanen, men å redusera hyttestorleiken monaleg. Fleirtalet krev attfylling av kjellaren og garasjen, saltak, riving av eit loft og tilrettelegging av to parkeringsplassar. Og før eigar Thorbjørn Dahl får lyfta ein finger må han senda inn teikningar av bygningen og terrengtilpassinga.

Berre Arbeidarpartiet ville støtta rådmannen og påleggja Dahl å riva heile kjellar- og terrengmuren og tilpassa bygningen til terrenget innan 1. september. Oddvar Brakestad (H) argumenterte med at dei folkevalde dispenserte for dei andre hyttene i feltet, og at store verdiar står på spel.

– Er det av samfunnsinteresse å riva verdiar for 2-3 millionar kroner? spurde han retorisk.

– Sjølvsaugt ikkje. Eg er ik-



Thorbjørn Dahl må fylla kjellaren og riva den tversgåande "oppstugu". Berre Arbeidarpartiet ville påleggja riving av kjellaren. Biletet er frå synfaringa 21. mars.

Arkivfoto: Sigbjørn Linga

kje oppteken av arealet, kjellaren eller estetikken, men av at det er bygt noko anna enn omsøkt. Saka er eit klart døme på at lover og reglar vert ignorerte. Ein skal ikkje kunna fylla kjellaren eller på annan måte betala seg ut av problemet. Å ta omsyn til folk flest som held seg til regelverket, er viktig for samfunnet, svara Vigdis Håland (Ap).

Martin Vik (Sp) var fyrst heilt på line med Ap, men hamna til sist på fleirtalet sin middelveg.

– Når ein ser kva me har pålagt folk andre stader, er det vanskeleg å seia at denne hytta skal stå. Då rotar me oss inn i noko som er vanskeleg å handtera seinare, argumenterte han, før han røysta for å lata hytta stå med fylt kjellar.

## Nye areal

Dahl hadde før møtet sendt dei folkevalde ei ny vurdering av arealet i hytta laga av HardingTakst AS. Ifylgje denne er det samla bruttoarealet 113 kvadratmeter, inkludert garasjen. Rådmannen hevda i saksutgreiinga at talet var 185 kvadratmeter.

Differansen skuldast, ifylgje takstmannen, at ein del av kjellaren og den såkalla "oppstugu" ikkje er målberre fordi dei skal vera lågare enn 1,9 meter. Dette er opplyst av eigaren og står for hans rekning. Takstmannen meiner elles bygningen og terrenget rundt ser bra ut.

Dokumentet frå Dahl var ikkje sendt til administrasjonen i heradet, berre til politi-

## Fakta:

- Ansvarleg søkjar Arki-Tech AS har bygt fem hytter i strid med byggjeløyvet i hyttefeltet H7 på Kvednaskogen. Hyttene er bygd monaleg større enn lovleg.

- 21. mars dispenserte formannskapet frå reguleringsplanen for storleiken til fire av hyttene. Den eine hytteeigaren, Ove Ellingsen, vart pålagt å riva eit uthus.

- Den femte saka vart utsett etter ynskje frå hytteeigar Thorbjørn Dahl.

## Hadde allereie måla

Thorbjørn Dahl fekk utsett saka si frå formannskapsmøtet 21. mars fordi han ville kontrollmåla hytta. Men papira frå takstmannen som vart sende til politikarane, er daterte 17. mars – altså fire dagar før møtet. Kontrollmålinga var med andre ord allereie utført då Dahl ba om utsetjing for å kontrollmåla. Dahl vil ikkje kommentera hyttesaka overfor HF.

karane. Difor kunne rådmannen ikkje uttala seg om dei nye tala tysdag.

I brevet til politikarane føreslår Dahl fleire måtar å løysa saka på, men hans framlegg er på langt nær så drastiske som formannskapet ynskje. For medan dei folkevalde ville fylla og stengja kjellaren, føreslo eigaren berre å mellom anna redusera storleiken på døra. Dahl opplyste at ingen av naboane protesterte på hans framlegg. Vidare skriv han at saka har ført familien hans inn i ein vanskeleg situasjon.